



Elisabeth og Kaja var heldige og fekk autografen til den raske, hyggjelege og landslagsaktuelle høgrebacken til Brann, Bjørn Dahl. (Foto: Thor Inge Døssland).

Cup-kampen mellom Brann og Trio på Husnes vart reine folkefesten. Heile 2810 publikummarar omkransa banen, og stemninga under kampen var svært god sjølv om det vart 5-0 til Brann.

Heimelaget gjekk respektlaust til verks. Dei viste god innsats frå dommarens bles i fløyta ved kampstart, og levte aggressivt og godt spel utover i kampen. Dette gjorde det til ein underhaldande kamp. Ein av dei beste spelarane på Trio-laget var uskedalingen Eirik Musland. Han markerte seg med godt og klokt spel utover i heile kampen. Han kom og til svært gode avslutningar. Vi noterte at han hadde tre gode skot som nær hadde gjeve teljande resultat. Eirik er inne den fjerde sesongen sin som Trio-spelar.

Sluttresultatet vart 5-0 til elitedivisjonslaget etter 2-0 ved halvtid. 2-0 var det faktisk heilt til det var 10 minutt att av kampen. Då kom det tre raske scoringar på slutten. Jan Gunnar Solli(2), Bengt Sæternes(2, eitt av dei på straffespark) og Helge Haugen scora måla.

Etter kampen tok Mons Ivar Mjelde og Brann-spelarane seg god tid til å preika med publikum. Velvillig skreiv dei høgt ønskte autofarar til unge tilhengjarar. Dette vart sett stor pris på, og det var god marknadsføring av klubben.

- Eg har vore Rosenborg- supporter til no, men no har verkeleg Brann teke ein plass i hjarta mitt, hørde vi frå ein.

Av Thor Inge Døssland



Eirik Musland spela ein svært god kamp. (Foto: Thor Inge Døsland)